



Mykje skal skje i kyrkja neste år

**Kyrkja er måla utvendig til 100-årsjubileet neste år, men innvendig måling står att og kyrkjevevja Arne Lindkleiv opplyskar at han håpar det kan gjerast før nyttår. Det står på planen, men han kan ikkje no seie noko sikkert om det vil vera pengar. til dette på årets budsjett. Det vil kosta 80 000-100 000 kroner.**

Soknerådet har peika på at dei allereie få januar vil byrje å markere jubileet med ulike tilskipingar i kyrkja og då bør ho vera måla.

Ellers har soknerådet bedt om at dei nye salmebøkene skal kjøpast inn og eit passande tal vil vera 86 som er talet i dag. Soknerådet har presisert at det ikkje hastar med nye salmebøker, men har antyda 28. september som ein aktuell dato fordi det vert topp-punktet i jubileet. Soknerådet ynskjer namnet til kyrkja trykt på framsida også på dei nye bøkene.

Dei nye salmebøkene har utløyst kritiske kommentarar frå mange hald fordi dei kostar 339 kroner frå Eide forlag som fekk anbodet for 5 år sidan. Verbum forlag tapte med eit anbod på 138 kroner. Den nye salmeboka kjem i salg 15. oktober og kan formelt takast i bruk fyrste sundag i advent. Men det er opp til den einskilde menighet å bestemma om og når det skal skje.

Lindkleiv meiner at dei nye salmebøkene vil verta teke i bruk over ein periode på 3-4 år i Kvinnherad. Førebels har ikkje noko soknemøte fatta vedtak om den nye salmeboka. Trykk av namn på forsida må truleg kostast av det einskilde sokneråd.

Fellesrådet skal forresten ha møte denne veka og då kjem dei med ei prioritering av oppgåvar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Prosesjonen kjem under vigslinga 16. desember 1914